



Tvisteløsningsnemnda

Vedtaksdato
09.05.2019

Vår referanse
2018/54362

Saksbehandler
Mona Ekelund

VEDTAK NR 69/19 I TVISTELØYSINGSNEMNDA

Tvisteløysingsnemnda heldt møte torsdag 25. april 2019.

Ved behandlingen av saka var tvisteløysingsnemnda satt saman slik:

Faste medlemmer

Steffen G. Rogstad, nestleiar
Gry Brandshaug Dale, KS
Tore Trygve Dahlstrøm, Unio

Saken gjelder

Tvist om førerrett for deltidsansatte etter arbeidsmiljøloven § 14-3

Arbeidstaker

A

Arbeidsgiver

B

Nemnda gjorde slikt vedtak:

Saksframstilling

A er fast tilsett som jordmor i stilling på 42,5 prosent ved X sjukehus.

I oktober 2018 lyste B ut fast stilling på 100 prosent som jordmor ved X sjukehus med søknadsfrist 14. november 2018. A søkte på stillinga 29. oktober 2018. Ho opplyste at ho også var interessert dersom andre stillingar vart ledige.

Arbeidsgivar av slo søknaden i e-post av 29. november 2018.

Den utlyste stillinga vart delt opp. Tre interne deltidstilsette søkjarar fekk stillingsauke og ein søkjar tilsett i ei 100 prosent stilling ved ei anna eining i B fekk 50 prosent stilling. Vedkommande startar i stillinga 29. april 2019.

A fremma saka for Tvisteløysingsnemnda ved e-post av 19. desember 2018. Overfor nemnda har begge partar fått høve til å kome med utfyllande merknader.

Nemnda har fått desse dokumenta frå arbeidstakaren:

- e-post av 19. desember 2018 med vedlegg
- e-post av 7. januar 2019 med vedlegg
- e-post av 21. februar 2019

Nemnda har fått desse dokumenta frå arbeidsgivaren:

- brev datert 15. januar 2019 med vedlegg
- brev datert 12. mars 2019 med vedlegg

Utsegn frå arbeidstakaren

A gjer gjeldande at ho hadde førerrett til jordmorstillinga, og fører i det vesentlege fram:

Argumentet om behov for kvalifisert personell på helg står seg ikkje, all den tid vedkommande ikkje startar i stillinga før mai/juni 2019. Den eksterne søkjaren kunne dessutan fått tilbod om hennar stilling på 42,5 prosent.

Utsegn frå arbeidsgivar

B gjer gjeldande at det vil vere ei vesentleg ulempe å gje A førerrett til stillinga og fører i det vesentlege fram:

Den omtvista stillinga omfattar helgevakter som A og alle dei andre deltidstilsette søkjarane allereie har i sin turnus. Dersom alle fem deltidstilsette søkjarar fekk auka stilling ville verksemda stå igjen med ei ledig 20 prosent helgestilling som det ville vore vanskeleg å rekruttere kvalifisert personell til. Å mangla kvalifisert personell i helgane ville innebere ei vesentleg ulempe for arbeidsgivar.

Merknader frå Tvisteløysingsnemnda

Tvist mellom arbeidsgivar og arbeidstakar om førerrett for deltidstilsette kan bringast inn for Tvisteløysingsnemnda, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (1) og § 14-3 (4). Etter forskrifta om tvisteløysingsnemnd etter arbeidsmiljølova § 2 skal nemnda setjast med leiar og to faste medlemmer.

Arbeidsmiljølova § 14-3 (1) slår fast at deltidstilsette har førerrett til utvida stilling framfor at arbeidsgivaren gjer ei ny tilsetjing i verksemda.

Eit vilkår for dette er at arbeidstakaren er kvalifisert for stillinga, og at utøvinga av retten ikkje fører til vesentlege ulemper for verksemda, jf. § 14-3 (2). Ved vurderinga av om arbeidstakaren er kvalifisert, kan ein, med heimel i lovføresegna, ta omsyn til både faglege og personlege føresetnader.

I forarbeida til føresegna (Innst. O. nr. 100 (2004–2005) pkt. 17.2) er det presisert at førerrett etter § 14-3 gjeld stillingar med om lag same arbeidsoppgåver som dei den deltidstilsette allereie utfører. Dette er også lagt til grunn i nemndspraksisen.

Nemnda legg til grunn at A er kvalifiserte for stillinga som jordmor ved X sjukehus og at arbeidsoppgåvene er dei same som i hennar faste stilling.

Nemnda legg vidare til grunn at 50 prosent av den omtvista stillinga vart tildelt tre andre deltidstilsette som hadde førerrett etter § 14-3. Regelen gjer inga rettleiing med omsyn til korleis arbeidsgivar skal prioritere mellom tilsette med førerrett. Stillingsauka til dei tre deltidstilsette er difor ikkje i strid med førerretten, jf. nemndas praksis i blant anna vedtak 31/19, 11/19, 9/18 og 210/17.

Spørsmålet nemnda tar stilling til i denne saka blir difor om tilsettinga av ein tilsett utan førerrett i stillinga på 50 prosent var i strid med førerretten til A.

Arbeidsgivar har gjort gjeldande at utøving av førerretten til denne stillinga ville medføre vesentleg ulempe for verksemda.

For å avgjere om det ligg føre ei vesentleg ulempe, må nemnda i samsvar med forarbeida foreta ei konkret vurdering av om utøving av retten til førerrett i det enkelte tilfellet vil gi urimelege utslag for verksemda.

Nemnda har etter ei konkret heilskapsvurdering kome til at utøving av førerretten ville medføre ei vesentleg ulempe for verksemda. I si vurdering har nemnda vektlagt at det ville være vanskeleg å rekruttere kvalifisert personell til den udekte helgevakta som ville stå igjen anten som ei rein 20 prosent helgestilling eller som ei 42,5 prosent stilling inkludert 20 prosent helg, og at det er naudsynt at avdelinga har tilstrekkeleg kvalifisert personell i helgane. Tilsettinga i jordmorstillinga på 50 prosent var dermed ikkje i strid med A sin førerrett.

Konklusjon

Arbeidstakar gis ikkje medhald

Tvisteløysingsnemnda

Steffen G. Rogstad, nestleiar

09.05.2019

Til orientering:

Tvistar som nemnt i §§ 10-13, 12-14, 14-3 og 14-4a kan bringast inn for domstolane etter at tvisteløysingsnemnda sitt vedtak er klart, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (2). Konklusjonen til nemnda står ved lag medan saka er til behandling hjå domstolane. Dersom dette vil verke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsetje ei anna mellombels ordning.

Frist for å bringe tvisten inn for domstolane er åtte veker rekna frå det tidspunktet parten vart informert om avgjerda frå tvisteløysingsnemnda, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (3).